



Dei første solstrålane i 2012 kjem gjennom Eikedalen og vert fanga opp på Neset

**Vert det nokon gong etablert ein solfest-tradisjon i Uskedalen? Ideen har med unnatak av i ein barnehage ikkje slege an, truleg fordi sola kjem att til ymse tider rundt om i bygda. Og lengst oppe i dalen er ikkje sola borte i det heile tatt. Faktisk skin ho i 2 timar om dagen sjølv ved vintersolverv og dei som boltra seg på Fjellandsbøvatnet i helga kunne faktisk merka at ho varma!**



Dei første solstrålane i 2013 kjem gjennom Eikedalen og vert fanga opp på Neset

Men kva så med andre stader i bygda og sola? I går - den 22. januar - kom ho att ytterst på Neset etter å ha vore borte i 8 veker og skein i 6 minutter frå klokka 13.30. Då hadde ho allereie gleda bebruarane på Flatholm frå klokka 13.15 og ødsla med strålane i mange minuttar i Beinavikjo frå like etter klokka 11.

Dei som bur til dømes på Rjukan har langt større grunn til å feira den livgivande stjerna, for når dei held den store solfesten sin 6. april har sola vore borte i 5 månader.

Festen er ein tradisjon som har vore li live sidan 1925 og som mellom mykje anna inneheld eit karneval som kanskje saknar sidestykkje i landet. Årets solbarn vert presentert og solprisen delt ut til ein person som har spreia solskinn og glede i landet. Det blir også delt ut premiar, til dømes til beste kostyme og festen inneheld mykje dans og moro.

Men ein aldri så liten fest kunne vel også vi kosta på oss, til dømes når dei første solstrålane fell på Grano?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



I Beinavika skein sola allereie klokka 11